

# BOKN KOMMUNE

## Forvaltningsstyre

### HOVUDUTSKRIFT

**Møtedato:** 25.01.2017

**Møtetid:** Kl. 19:00 –

**Møtestad:** Boknatun

**Saksnr.:** 001/17 - 005/17

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Emilie Moi Eikje	SP	Osmund Våga	SP
Kjetil Vatnaland	SP	Sandra Jøsang	SP

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte
Jørgen Thuestad	004/17	Lillian Grønnestad

<b>Møteleiar:</b>	Jørgen Thuestad, I sak 004/17 Per Helge Sunde
<b>Frå adm. møte:</b>	Kåre Bua
<b>Utlevert i møtet:</b>	
<b>Orientering:</b>	
<b>Sp.mål/interpell.:</b>	
<b>Synfaring:</b>	
<b>Diverse:</b>	

Underskrifter:

---

# Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
001/17	Godkjenning av møtebok frå møte 30.11.2016
002/17	Frådeling av tomt - GNR: 27/1 Lodavegen - Bokn kommune.
003/17	Gnr. 27 bnr. 1 - Jens Berdines Øklands dødsbo - frådeling av tomt for eksisterande fritidsbustad - dispensasjon
004/17	Reguleringsplan for strandområdet med tursti mellom Alvestadkroken og Føresvik, justert framlegg
005/17	Meldingssaker til møte 25.01.2017

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Forvaltningsstyre	25.01.2017	001/17	ÅKF

<b>Saksansv.:</b> Åse Karin Fjellving	<b>Arkiv:</b> K1-033, K3- &17	<b>Arkivsaknr:</b> 17/19
	<b>Objekt:</b>	

### Godkjenning av møtebok frå møte 30.11.2016

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

#### **25.01.2017 FORVALTNINGSSTYRE**

#### FV-001/17 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg vart vedtatt samrøystes.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Forvaltningsstyre	25.01.2017	002/17	KBU

Saksansv.: Kåre Bua	Arkiv: GBR-27/1	Arkivsaknr
	Objekt:	16/588

### Frådeling av tomt - GNR: 27/1 Lodavegen - Bokn kommune.

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	14.11.2016	Ivar Thorkildsen Statens vegvesen	Uttale til Nabovarsel - Fradeling av tomt - gnr. 27 bnr. 1 - Lodavegen - Bokn kommune sendt fra Statens vegvesen
2	I	27.11.2016	Tveit Regnskap AS	Fradeling av hytte beliggende på gnr 27/1 - Bokn kommune
3	U	07.12.2016	Fylkesmannen i Rogaland; Rogaland fylkeskommune; Tysvær kommune Landbrukskontoret	Gnr. 27 bnr. 1 - Jens Berdines Øklands dødsbo - frådeling av tomt for eksisterande fritidsbustad
4	I	04.01.2017	Rogaland fylkeskommune	Uttalelse til søknad om frådeling gnr. 27 bnr. 1 - fritidsbustad.
5	I	08.01.2017	Knut Harald Dobbe Fylkesmannen i Rogaland	Uttale - søknad om dispensasjon for frådeling av eksisterende fritidsbustad med tomt frå GNR: 27/1 Bokn kommune
6	I	11.01.2017	Tysvær kommune	Uttale til søknad om frådeling

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Forvaltningsstyret gjev etter jordlova § 12 samtykke til å dele frå ein parsell på 1 daa frå gbnr.27/1 , jf grunngeving i saksutgreinga. Den godkjende parsellen er vist i vedlagde kart.

Boknatun, 11.01.2017

Jan Erik Nygaard  
Rådmann

Bente Helen Bergstøl Norvalls

**25.01.2017 FORVALTNINGSSTYRE****FV-002/17 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg vart vedtatt samrøystes.

**Kva saka gjeld:**

Det blir søkt om å dele ein parsell med ein fritidsbustad frå gbnr 27/1. Fritidsbustaden ligg i LNF-område, innanfor omsynssone for kjerneområde landbruk. Landbruket sine vilkår skal derfor tilleggst ekstra vekt her.

**Saksutgreiing:**

Gbnr 27/1, Økland, er ein landbrukseigedom som ligg ved Vatnalandsvatnet på Vestre Bokn. Fram til 2006 hadde garden eiga drift. Jorda har sidan vore utleigd til 2 nabobruk. Tidlegare eigar, Jens Berdines Økland er no død, derfor er det opent om kva som vil skje vidare. Det kan vere ein av søskenflokken som driv vidare, gjennom eiga drift eller utleige, eller jorda blir seld. Dette vil bli avgjort i næraste framtid.

I tillegg til omsøkte fritidsbustad, er det 2 våningshus og 3 andre bygningar knytt til drifta på garden. Desse bygningane utgjer driftssenteret på garden. Parsellen som er søkt fråskilt ligg ved Hognalandsvatnet, i motsett ende av garden, sett frå driftssenteret .

Eiendommene har desse arealressursene i daa:

Fulldyrka jord	37,3
Overflatedyrka	6,6
Innmarksbeite	102,7
Produktiv skog	66,6
Anna areal	103,3
<b>Samla areal</b>	<b>316,5</b>

*Nibio 13.12.2016*

Produktive jordbruksareal utgjer 46% av det totale arealet på garden.

Fritidsbustaden vart oppført omkring 1969/70. Den vart bygd av svigerfar til Jens Berdines Økland. Opphavleg var meininga at den skulle delast frå som eigen parsell etter at den vart ferdig, men det vart aldri noko av. I samband med arveoppgjeret og vidare drift, vil ein nå dele frå omsøkte parsell med fritidsbustad, og sikre vegrett til denne over gbnr 27/1. Arealet for parsell og veg er skinn fastmark (Nibio 13.12.2016). Ei frådelling av ein parsell på vel 1000 m<sup>2</sup> i dette området vil dermed få små konsekvensar for vidare drift på garden. Veglengde frå fylkesvegen til parsell vil vere om lag 90 m.

**Vurdering:**

Ei frådeling av ein bustadeigedom i eit LNF- område vert vurdert etter jordlova § 12 om deling. Jordlova § 12, tredje ledd: *«Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova».*

Delinga vil føre til at det blir ein fritt omsetteleg fritidseigedom inne i landbrukseigedomen. Ein fritidsbustad kan vere ein ressurs for garden, gjennom utleige. Sidan det er 2 våningshus på eigedomen, kan det leggjast til rette for utleige uavhengig av fritidsbustaden. Men på ei annan side kan fritidsbustaden representere ein usikker ressurs med omsyn til behov og driftsopplegg, og kostnader til vedlikehald og framtidig oppgradering.

Ei deling som omsøkt gir avgrensa ulemper for jordbruksdrifta i området. Dette gjeld både driftsmessige og miljømessige konsekvensar, samt areal, då ei frådeling av eksisterande fritidsbustad ikkje får følgjer for arealressursane på garden. Tilkomstveg gir ein avgrensa arealbruk, men arealet er uproduktivt.

Uifrå ei landbruksfagleg vurdering vert omsøkt frådeling av fritidseigedom tilrådd.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Forvaltningsstyre	25.01.2017	003/17	BJL

<b>Saksansv.:</b> Kåre Bua	<b>Arkiv:</b> GBR-27/1	<b>Arkivsaknr</b>
	<b>Objekt:</b>	16/588

### Gnr. 27 bnr. 1 - Jens Berdines Øklands dødsbo - frådeling av tomt for eksisterande fritidsbustad - dispensasjon

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	14.11.2016	Ivar Thorkildsen Statens vegvesen	Uttale til Nabovarsel - Fradeling av tomt - gnr. 27 bnr. 1 - Lodavegen - Bokn kommune sendt fra Statens vegvesen
2	I	27.11.2016	Tveit Regnskap AS	Fradeling av hytte beliggende på gnr 27/1 - Bokn kommune
3	U	07.12.2016	Fylkesmannen i Rogaland; Rogaland fylkeskommune; Tysvær kommune Landbrukskontoret	Gnr. 27 bnr. 1 - Jens Berdines Øklands dødsbo - frådeling av tomt for eksisterande fritidsbustad
4	I	04.01.2017	Rogaland fylkeskommune	Uttalelse til søknad om frådeling gnr. 27 bnr. 1 - fritidsbustad.
5	I	08.01.2017	Knut Harald Dobbe Fylkesmannen i Rogaland	Uttale - søknad om dispensasjon for frådeling av eksisterende fritidsbustad med tomt frå GNR: 27/1 Bokn kommune
6	I	11.01.2017	Tysvær kommune	Uttale til søknad om frådeling

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Plan- og bygningslova  
Kommuneplanen sin arealdel

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå kommuneplanen sin arealdel for frådelling av ein parsell på ca. 1 dekar frå gnr. 27 bnr. 1 for tomt til eksisterande fritidsbustad, slik det er søkt om.  
Det er lagt vekt på at det allereie er bygt ein fritidsbustad på tomta, og at korkje regionale styresmakter eller fagansvarleg for landbruk har innvendingar mot at deling skjer.  
Etter forvaltningsstyret si vurdering vi delinga ikkje føre til at dei omsyn som ligg bak arealføremålet i kommuneplanen sin arealdel vert sett vesentleg til sides, og føremona med å gje dispensasjon synest klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.
2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg løyve til å dele frå tomta gjevast administrativt på delegert fullmakt.

### **25.01.2017 FORVALTNINGSSTYRE**

#### **FV-003/17 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg vart vedtatt samrøystes.



**Kva saka gjeld:**

Søknad om dispensasjon frå arealdelen til den gjeldande kommuneplanen for å dele frå ei tomt til eksisterande fritidsbustad.

**Bakgrunn for saka:**

Bokn kommune har motteke søknad om å dele frå tomt for ein eksisterande fritidsbustad.

Delinga er del av eit arveskifte.

Fritidsbustaden ligg i eit område som er lagt ut til LNRF- areal, og innafor omsynssone for kjerneområde landbruk.

Den ligg og i 50 meterssona mot vatnet, der det er byggeforbod etter pkt. 3.4.1.4 i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel.

Føresegnene opnar for mindre utvidingar av eksisterandefritidsbustader i byggeforbodssoona, og det må kunne leggjast til grunn at dette også gjeld for frådeling av tomt til eksisterande fritidsbustader, slik at dispensasjon frå dette punktet ikkje er naudsynt.

Eigedomen tomta vert søkt del frå, er ein landbrukseigedom.

Frådelinga krev såleis både dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel når det gjeld arealføremålet, og løyve etter § 12 i jordlova.

Det ligg føre søknader om dette, og sak etter jordlova vert handsama som eiga sak.

Den nye tomta skal sikrast vegrett fram til fylkesvegen.

Naboar er varsla, og det ligg ikkje føre merknader.

**Saksutgreiing:**

Det er naudsynt med dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådeling slik det er søkt om.

Kommunen kan etter § 19-2 i plan- og bygningslova gje dispensasjon etter grunngjeven søknad. Det kan setjast vilkår for dispensasjonen.

Kommunen kan ikkje gje dispensasjon dersom omsynet bak den bestemminga som det vert dispensert frå, eller omsynet i føremålsbestemminga i lova, vert vesentleg sett til side. I tillegg må føremona ved å gje dispensasjon vera klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Det kan ikkje dispenserast frå sakshandsamingsreglar.

I den einskilde dispensasjonssak må det føretakast ei konkret og reell vurdering av dei faktiske tilhøva i saka.

Dei ulike føresegner og planar har som oftast blitt til gjennom ein omfattande vedtaksprosess. Det skal ikkje vera kurant å vike frå desse.

Ved vurderinga av om det skal gjevast dispensasjon frå planar, skal det leggjast serleg vekt på statlege og regionale rammer og mål. Kommunen bør heller ikkje dispensere frå planer, lova sine bestemmelser om planer og forbodet i § 1-8 når ein direkte råka statleg eller regional mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Etter føremålsparagrafen i PBL, (§2), går det mellom anna fram at lova skal fremje berekraftig utvikling til det beste for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar.

Forvaltningsstyret må vurdere om det er rom for å gje dispensasjon, og om søkjaren sine grunnar for å få delt frå tomt for den eksisterande fritidsbustadens skal vega klårt tyngre enn dei omsyn kommuneplanen sin arealdel er meint å ta vare på.

### **Vurdering:**

Søknaden vart sendt Fylkesmannen i Rogaland og Rogaland fylkeskommune til førehandsuttale med brev dagsett 07.12.2016.

Seksjon for kulturarv i fylkeskommunen gjer i brev dagsett 20.12.2016 merksam på at det er registret ein automatisk freda gravhaug i vestre grense til den omsøkte tomte, og at deler av den omsøkte tomte vert bandlagt av deler av vernesona til denne.

Det vert vist til at det ikkje er tillate med nokon form for tiltak som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekkje til, skjule eller på anna måte skjemme automatisk freda kulturminner og deira sikringssoner.

Sidadan søknad berre går ut på å dele frå tomt, har fylkeskommunen inga merknad til sjølve frådelinga.

Fylkeskommunen har i brev dagsett 04.01.2016 ikkje merknader til at kommunen gjev løyve til å dele frå ei tomt på 1 dekar, men minner om at ei eventuell framtidig opparbeiding av veg der det vert gjeve vegrett, også krev søknad og dispensasjon.

Søknaden i høve til jordlova vert handsama som eiga sak, og det ligg føre ei positiv landbruksfagleg tilråding.

Ettersom det er tale om tomt til ein allereie eksisterande fritidsbustad, vil frådelinga ikkje endra nåverande tilhøve med omsyn til arealbruk, og dei regionale styresmaktene har heller ikkje innvendingar mot at det vert delt frå tomt slik det er søkt om.

Tomta vil og liggje til eigedomsgrensa i sør, og frådelinga vil derfor ikkje føre til ulempe for drifta av landbrukseigedomen, og ut frå den landbruksfaglege tilrådinga synest det også uproblematisk å gje løyve ut frå vurderingar etter jordlova.

Ein dispensasjon i denne saka, vil derfor ikkje setje dei omsyn som ligg bak arealføremålet i kommuneplanen sin arealdel vesentleg til sides, og føremona med å gje dispensasjon synest klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Dispensasjon bør derfor gjevast slik det er søkt om.

Når det gjeld evt. framtidig opparbeiding av veg fram til fylkesvegen, krev dette som det også går fram av fylkesmannen si fråsegn, eigen søknad og dispensasjon.

Avkjørsle til fylkesvegen krev også løyve frå Statens vegevesen.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Forvaltningsstyre	25.01.2017	004/17	BJL

Saksansv.: Kåre Bua	Arkiv: K2-L12 Objekt:	Arkivsaknr 06/330
---------------------	--------------------------	----------------------

### Reguleringsplan for strandområdet med tursti mellom Alvestadkroken og Føresvik, justert framlegg

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
37	I	07.02.2013	Unni Torsteinbø	G/BR 11/79 - innspel til reguleringsplan
38	I	12.02.2013	Turid Verdal	SV: G/BR 11/79 - bekreftet mottak av innspel
39	I	02.07.2013	Akvator AS	Innlevering av detaljregulering for turveg mellom Alvestad og Føresvik
40	I	02.07.2013	Akvator AS	Innlevering av detaljregulering for turveg mellom Alvestad og Føresvik
42	I	23.08.2013	Turid Verdal	Avklaringar knytt til detaljplan for turveg mellom Alvestad og Føresvik
43	I	23.08.2013	Turid Verdal	Avklaringar - forslag reviderte vedtekter, 23.08.2013
41	U	30.08.2013	Turid Værdal Akvator AS	Uttale frå Bokn kommune om planforslag
44	U	06.09.2013	Kåre Bua	Plassering av turveg
45	U	06.09.2013	Akvator AS	Detaljregulering for turveg mellom Alvestad og Føresvik - merknader til planframlegg
46	I	06.09.2013	T. Verdal Akvator AS	Akvator, kostnad tilleggsarbeid
48	I	23.09.2013	Turid Verdal	Endeleg planomtale for Turveg Alvestad-Føresvik.
49	I	23.09.2013	Turid Verdal	Endeleg føresegner for Turveg Alvestad-Føresvik.
50	I	23.09.2013	Turid Verdal	Endeleg plankart for planframlegg for Turveg Alvestad-Føresvik.
51	I	23.09.2013	Turid Verdal	Endeleg - vedlegg 1 - illustrasjon - småbåtanlegg - planframlegg for Turveg Alvestad-Føresvik.
52	I	23.09.2013	Turid Verdal	Endeleg - vedlegg 2 - uttalelser til oppstartmelding - turveg mellom

53	I	23.09.2013	Turid Verdal	Alvestad og Føresvik Endeleg - uttale frå fylkesmannen - 2009 - turveg mellom Alvestad og Føresvik
55	I	30.09.2013	Turid Verdal	Reguleringsplan Turveg
56	U	11.11.2013	Haugesunds Avis	Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik- Alvestadstadkroken
57	U	11.11.2013	45 mottakere...	Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken
58	U	11.11.2013	regionalplanseksjonen Rogaland fylkeskommune; kulturseksjonen Rogaland fylkeskommune; Fylkesmannen i Rogaland; Karmsund interkommunale havnevesen IKS; Haugaland og Sunnhordland distri Statens vegvesen; Region Vest Kystverket; Gassco; Friluftsrådet Vest; Universitetet i Stavanger Arkeologisk museum	Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken
59	U	19.11.2013	Kjell Frode Lie	Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken
60	U	22.11.2013	Venke Haga	Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg, Føresvik - Alvestad
61	I	05.12.2013	Eyvind Alvestad	Gjelder reguleringsplan for turveg mellom Føresvik og Alvestadkroken
62	I	08.12.2013	Terje Ognøy	Gjelder eigedom gnr.11 bnr.58
63	I	11.12.2013	Magnus Grøsfjeld	Forslag til reguleringsplan for turvei mellom Føresvik og Alvestadkroken - Eyvind Alvestad gnr. 11 bnr. 266 i Bokn
64	U	16.12.2013	Eivind Alvestad	Gnr 11 bnr 266 - Eivind Alvestad - førebels svar på klage på reguleringsplan Føresvik til Alvestad
66	I	17.12.2013	Kystverket	Uttale til forslag til reguleringsplan turveg Føresvik-Alvestadkroken- Bokn kommune - Rogaland fylke
67	I	18.12.2013	Terje Alvestad	Tilbakemelding reguleringsplan Turveg Føresvik - Alvestad
68	I	19.12.2013	Edvin Øvrebø	Angående reguleringsplan for Alvestad - Føresvik
69	I	22.12.2013	Lars Egil Ognøy	Ang. reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken
70	I	26.12.2013	Møyfrid Vatnaland	Reguleringsplan Turveg Føresvik - Alvestadkroken

71	I	26.12.2013	Fylkesmannen i Rogaland	Motsegn til reguleringsplan for turveg frå Føresvik til Alvestadkroken, Bokn
72	I	30.12.2013	Marie Vågshaug	"Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken".
73	I	31.12.2013	Kjell Frode Lie	Merknad til høyring turveg
74	I	08.01.2014	Fylkesmannen i Rogaland	Uttale til reguleringsplan turveg Alvestadkroken - Føresvik
65	U	14.01.2014	Adv. Torstrup § Grøsfeld	Gnr 11 bnr 266 - Eivind Alvestad ved Adv. Torstrup § Grøsfeld - foreløpig svar på merknader til reguleringsplan Føresvik til Alvestad
75	U	06.03.2014	Per.Erling.Wiken@akersolutions.com,	SV: Status på reguleringsplan Alvestad 06.03.2014?, Gnr 11 bnr 256
76	U	10.03.2014	51 mottakere...	Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg mellom Føresvik og Alvestadkroken - melding om synfaring
77	U	14.03.2014	Etter adresseliste	Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg mellom Føresvik og Alvestadkroken - melding om synfaring - ny dato
78	U	03.04.2014	Venke Haga	Høyring - melding om synfaring
79	U	10.04.2014	Bjørn Løvland;	Møtereferat - Plangjennomgang,
			Kjell Arne Valentinsen	Bokn - Fylkesmann
80	I	25.04.2014	Terje Alvestad	VS: Tilbakemelding reguleringsplan Turveg Føresvik-Alvestad
81	U	21.05.2014	Turid (Turid.Verdal@akvator.no) Verdal	Reguleringsplan Alvestad til Føresvik, oversendingsbrev og innspel
82	I	03.06.2014	Turid Verdal	Nytt offentleg ettersyn, Reguleringsplan bustad og turveg Alvestad til Føresvik
83	I	03.06.2014	Turid Verdal	Nytt offentleg ettersyn, Reguleringsplan bustad og turveg Alvestad til Føresvik
84	I	11.06.2014	Turid Verdal	SV: Reguleringsplan Alvestad til Føresvik, ander 1. gongsbehandling
90	I	16.12.2014	Kåre Bua	VS: Reguleringsplan turveg
89	U	13.01.2015	Universitetet i Stavanger Arkeologisk museum ; Friluftsrådet Vest; Fylkesmannen i Rogaland; Gassco; Karmsund interkommunale havnevesen IKS; Region Vest Kystverket; kulturseksjonen Rogaland fylkeskommune; regionalplanseksjonen Rogaland fylkeskommune; Statens vegvesen Region	Høyring av framlegg til reguleringsplan for strandområdet Alvestad mot Føresvik med bustader og naust

87	U	13.01.2015	Vest; Statoil ASA Haugesunds Avis	Høyring av framlegg til reguleringsplan for strandområdet Alvestad mot Føresvik med bustader og naust
91	U	21.01.2015	Anne Elisabet Askeland; Ingunn Toft	Uttale til reguleringsplan for strandsona (turveg) Alvestad til Føresvik
92	I	10.02.2015	Anne Britt Ottøy	Uttale til framlegg til reguleringsplan for strandområdet Alvestad mot Føresvik med bustader og naust - Bokn kommune - Rogaland fylke
93	I	18.02.2015	Fylkesrådmannen i Rogaland.	Høyring av framlegg til reguleringsplan for strandområdet Alvestad mot Føresvik med bustader og naust. Behov for synfaring.
95	I	04.03.2015	Fylkesmannen i Rogaland	Uttale til høring av plan for strandområdet på Alvestad mot Føresvik - Motsegn
96	I	08.03.2015	Hans Faye	Reguleringsplan for strandsone mellom Føresvik og Alvestadkroken-Merknad
97	I	08.03.2015	Ingjerd Ellingsen og Augustin Thuestad	Merknader til framlegg til reguleringsplan for strandområdet Alvestad mot Føresvik med bustader og naust.
98	U	10.03.2015	Rogaland Fylkeskommune	Reguleringsplan - Utsatt høringsfrist til 18.04.2015
99	I	15.04.2015	Fylkesrådmannen i Rogaland	Melding om politisk vedtak - Bokn kommune - Høyring av framlegg til reguleringsplan for strandområdet.
100	I	28.04.2015	Ingjerd Ellingsen og Augustin Thuestad	Tillegg til merknad til framlegg til reguleringsplan for strandområdet Alvestad mot Føresvik med bustader og naust.
102	X	26.05.2015		Føresegner revidert 26.05.2015
104	U	18.06.2015	Haugesunds Avis	Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken
105	U	18.06.2015	Grunneigarar og naboar etter adresseliste	Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken
106	U	18.06.2015	Universitetet i Stavanger Arkeologisk museum ; Friluftsrådet Vest; Fylkesmannen i Rogaland; Gassco; Karmsund interkommunale havnevesen IKS; Region Vest Kystverket;	Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken

kulturseksjonen Rogaland  
fylkeskommune;  
Statens vegvesen Region  
Vest;  
Statoil ASA;  
Fylkesrådmannen  
V/Regionloutviklingsavdelin  
gen

10 7	I	24.06.2015	Eyvind Alvestad	Uttale - Sti fra Føresvik til Alvestadkroken.
10 8	I	01.07.2015	Kåre Bua	Reguleringsplan Alvestad - Føresvik
11 0	I	06.07.2015	Angunn Skeiseid	Ber om utsett frist reguleringsplan turveg Alvestadkroken - Føresvik
10 9	I	07.07.2015	Angunn Skeiseid	Ad reguleringsplan for turveg Alvestad- Føresvik
11 1	I	09.07.2015	Fylkesmannen i Rogaland	Fråsegn til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken, Bokn.
11 2	I	13.07.2015	Fylkesrådmannen i Rogaland	Svar - Bokn kommune - Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken.
11 3	I	03.08.2015	Edvin Øvrebø	Merknad Turveg Føresvik-Alvestad
11 4	I	04.08.2015	Møyfrid Vatnaland	Merknader til turveg Føresvik Alvestadkroken
11 5	I	04.08.2015	Angunn Skeiseid	Turveg, uttale
11 6	I	05.08.2015	Angunn Skeiseid	SV: Turveg, uttale
11 7	I	13.08.2015	Jan G Auestad Fylkeskonservator	Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken
11 8	I	13.08.2015	Fylkesrådmannen i Rogaland,	Plankart med indikasjon av omsynssone
11 9	I	29.09.2015	Kåre Bua	VS: Reguleringsplan for turveg mellom Alvestad og Føresvik - møte
12 0	I	02.10.2015	Turid Verdal	SV: Reguleringsplan for turveg mellom Alvestad og Føresvik - møte
12 4	U	17.12.2015	Haugesunds Avis	Høyring av framlegg til reguleringsplan for strandområdet Alvestad mot Føresvik med bustader og naust
12 5	U	17.12.2015	Grunneigarar og naboar etter adresseliste	Høyring av framlegg til reguleringsplan for strandområdet Alvestad mot Føresvik med bustader og naust
12 6	U	17.12.2015	Universitetet i Stavanger Arkeologisk museum ; Friluftsrådet Vest; Fylkesmannen i Rogaland; Fylkesrådmannen V/Regionloutviklingsavdelin	Høyring av framlegg til reguleringsplan for strandområdet Alvestad mot Føresvik med bustader og naust

			gen; Gassco; Karmsund interkommunale havnevesen IKS; Region Vest Kystverket; kulturseksjonen Rogaland fylkeskommune; Statens vegvesen Region Vest; Stavanger maritime museum	
88	U	17.12.2015	Grunneigarar og naboar etter adresseliste	Høyring av framlegg til reguleringsplan for strandområdet Alvestad mot Føresvik med bustader og naust
12 7	I	21.12.2015	Bernhard Endseth Nerland	RE: Reguleringsplan turveg
12 8	I	04.01.2016	Angunn Skeiseid	Høyring av framlegg til reguleringsplan fro strandområdet Alvestad og Føresvik med bustader og naust
12 9	U	06.01.2016	Turid (Turid.Verdal@akvator.no) Verdal	Oversendt T. Verdahl, Høyring av framlegg til reguleringsplan fro strandområdet Alvestad og Føresvik med bustader og naust
13 0	I	11.01.2016	Bernhard Endseth Nerland	2016.01.07, REV. KULTURMINNE, Høyring av framlegg til reguleringsplan for strandområdet Alvestad og Føresvik med bustader og naust
13 1	I	29.01.2016	Fylkesrådmannen i Rogaland	Melding om politisk vedtak - Bokn kommune - reguleringsplan for strandområdet Alvestad mot Føresvik.
13 2	I	31.01.2016	Statens vegvesen Region vest	E39 - Høyring av framlegg til reguleringsplan for strandområde Alvestad mot Føresvik med bustader og naust
13 3	I	01.02.2016	Morten Sageidet Fylkesmannen i Rogaland	Fråsegn til reguleringsplan for turveg frå Alvestadkroken mot Føresvik, Bokn
13 4	I	08.02.2016	Harry Vågshaug	Harry Vågshaug - Innspel til reguleringsplan for turveg
13 5	I	08.02.2016	Møyfrid Vatnaland	Innspel til reguleringsplan - Møyfrid Vatnaland
13 6	I	11.04.2016	Jan Erik Nygaard	Svar til fylkeskommunen - Turveg Alvestad til Føresvik
13 7	U	26.04.2016	morten.sageidet@fmro.no,	Reguleringsplan gangveg/ strandområde mellom Alvestad og Føresvik
13 8	I	27.04.2016	Morten Sageidet	SV: Reguleringsplan gangveg/ strandområde mellom Alvestad og Føresvik
13	U	11.05.2016	morten.sageidet@fmro.no,	VS: Reguleringsplan gangveg/



9				strandområde mellom Alvestad og Føresvik
14	U	11.05.2016	Turid (Turid.Verdal@akvator.no) Verdal	Turveg - varslingsliste
14	U	11.05.2016	morten.sageidet@fmro.no,	VS: Reguleringsplan gangveg/ strandområde mellom Alvestad og Føresvik
1				
14	I	23.05.2016	Sarah Fagertun Eggereide	Oppstartsmelding turveg Alvestad-Føresvik
2				
14	I	23.05.2016	Morten Sageidet Fylkesmannen i Rogaland	Reguleringsplan for gangveg/strandområde mellom Alvestad og Føresvik - trekking av motsegn
3				
14	I	05.06.2016	Morten Sageidet Fylkesmannen i Rogaland	Fråsegn til varsel om planoppstart for detaljregulering av turveg Alvestad - Føresvik, Bokn
4				
14	I	19.06.2016	Region vest, Ivar Thorkildsen Statens vegvesen	E39/fv.890 - melding om oppstart av detaljreguleringsplan - turveg - Alvestad - Føresvik - Bokn kommune
5				
14	I	29.06.2016	Jan G. Auestad Rogaland Fylkeskommune	Svar - Bokn kommune - detaljregulering - turveg - Alvestad - Føresvik - melding om oppstart - foreløpig uttalelse, sekjon for kulturarv
6				
14	I	09.09.2016	Bernhard Endseth Nerland	2016.09.09 - REVIDERT PLANFORSLAG - Reg.plan turveg Føresvik-Alvestadkroken
7				
14	I	19.09.2016	Bernhard Endseth Nerland	Planomtale Turveg Føresvik-Alvestadkroken
9				
15	U	19.12.2016	turid@abo-ark.no,	VS: Reg.plan turveg Føresvik-Alvestadkroken
0				
15	I	03.01.2017	Turid Verdal	Ny oversending - Reg.plan turveg Føresvik-Alvestadkroken
1				

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:**

Plan- og bygningslova

Kommuneplanen sin arealdel med føresegner

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til detaljregulering av turveg mellom Alvestad og Føresvik med kart dagsett 25.08.2016 og føresegner dagsett 25.08.2016 sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

## **05.10.2016 FORVALTNINGSSTYRE**

Saka blei drøfta.

Under drøftinga kom det fram at representantane ikkje kjende seg trygge på at planen som ligg til handsaming, er i samsvar med forståinga / avtalane som er gjort med grunneigarane. Det blei særskildt peika på at ein meinte det har vore tale om sti og ikkje gangveg.

Vidare blei det stilt spørsmål om det skal vera veg over nærmiljøanlegget eller om ein her berre skal gå over anlegget slik det ligg. Representantane meiner at det ligg føre avtale om ikkje å byggja veg over anlegget.

Med bakgrunn i drøftinga, sette leiaren fram forslag om å senda planen tilbake til administrasjonen for vidare utgeriing.

### **FV-035/16 VEDTAK:**

Det vart, mot ei røyst frå arbeiderpartiet, vedtatt å senda planen tilbake for vidare handsaming..

## **Nye opplysningar i saka**

### **Saksutgreiing:**

På bakgrunn av drøftinga i forvaltningsstyret sitt møte 05.10.2016 er planen og føresegnene justert slik at det nå går klart fram at det er tale om ein tursti og ikkje ein turveg som krev serleg opparbeiding.

Dette skal vera i samsvar med dei drøftingane som har vore med dei grunneigarane som vert råka.

I teiknforklaringa til planen er det framleis nytta omgrepet turveg.

Dette avdi det er føremålet som heiter turveg ref. teiknereglane

Det finst ikkje eige føremål som heiter tursti, og føremålet turveg er derfor oppretthalde, men det er innhaldet i føresegnene som er viktige ifht. kva som er tillate innafor føremålet.

### **Vurdering:**

Planen og føresegnene er nå justert etter dei drøftingane som har vore halde med grunneigarane, slik forvaltningsstyret ynskte i møte 05.10.2016.

## **004/17: Reguleringsplan for strandområdet med tursti mellom Alvestadkroken og Føresvik, justert framlegg**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til detaljregulering av tursti mellom Alvestad og Føresvik med kart dagsett 03.01.2017 og føresegner dagsett 03.01.2017 sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

### **25.01.2017 FORVALTNINGSSTYRE**

Høgre sette fram fylgjande forslag til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg, men med endring i reguleringsvedtektene punkt 5.2.1 Turveg. Dei tre siste setningane går ut. Avsnittet skal lyde: Innanfor området skal det etablerast tursti. Det er tillate å rydde traseen og opparbeide tråkket med grusdekke på duk.

### **FV-004/17 VEDTAK:**

Høgre sitt framlegg vart vedtatt samrøystes.

Med bakgrunn i dette blei vedtektene endra og datert 25.01.2017.  
Ordlyden på endeleg vedtak blir etter dette:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til detaljregulering av tursti mellom Alvestad og Føresvik med kart dagsett 03.01.2017 og føresegner dagsett 25.01.2017 sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

## **Kva saka gjeld:**

Framlegg til reguleringsplan for strandsona mellom Føresvik og Alvestadkroken justert etter kommunestyret sitt vedtak i sak 065/15 om utlegging til offentleg ettersyn etter at turvegen er teke ut av planen.

## **Bakgrunn for saka:**

Plan for detaljregulering av strandområdet mellom Alvestad og Føresvik har vore fremja til handsaming og lagt ut til offentleg ettersyn i fleire omgangar med og utan turveg. I sak 036/13 er det gjort greie for handsaming av planen fram til vedtaket om å sende framlegget ut på høyring og leggje det ut til offentleg ettersyn.

Forvaltningsstyret gjorde i sak 021/15 fylgjande vedtak:

*Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til detaljregulering av turveg mellom Alvestad og Føresvik med kart dagsett 11.06.2014 og føresegner dagsett 11.06.2014 med den endring at storleiken på naust og fritidsbustad vert justert slik at dei samsvarer med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel, sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.*

Vedtaket vart gjort mot 2 røyster.

Saka vart så lagt fram for kommunestyret, som den 16.06.2015 i sak 026/15 vedtok forvaltningsstyret si innstilling mot 6 røyster.

Deretter vart saka sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn med uttalefrist 04.08.2015. I høyringsrunden kom det inn merknader frå 4 offentlege instansar og 3 private grunneigarar. Fråsegna frå Seksjon for kulturarv i Rogaland fylkeskommune innebar ei motsegn som gjorde det naudsynt med vidare drøftingar med fylkeskommunen med tanke på å finne ei løysing som gjer at planen kan eigengodkjennast.

Endringane var så omfattande at det var behov for å sende saka på avgrensa høyring til dei som vart råka av endringane.

Derfor vart sak lagt fram for forvaltningsstyret i møte 21.10.2015 med fylgjande framlegg til vedtak:

*Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til justert detaljregulering av turveg mellom Alvestad og Føresvik med kart dagsett 20.09.2015 og føresegner dagsett 20.09.2015, sendt på ei avgrensa høyring til fylkesmannen i Rogaland, Regionalplanavdelinga og Seksjon for kulturarv i Rogaland fylkeskommune og dei grunneigarane som vert direkte råka av endringane.  
Frist for uttale vert sett til 4 veker.*

Etter drøfting gjorde forvaltningsstyret fylgjande vedtak i sak 039/15:

*Planen blir lagt ut på høyring etter at turvegen er teken ut av planen.*

Vedtaket vart gjort mot to røyster.

I kommunestyresak 065/15 vart forvaltningsstyret si tilråding vedteke mot to røyster.

## Arbeidet med det nye planframlegget

På bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak om å fjerne turvegen frå planen, og signal frå regionale styresmakter om at ein plan utan turveg vanskelig kunne godkjennast utan motsegner, har det etter kommunestyrevedtaket vore politiske drøftingar med tanke på å finne ei kompromissløyse som tek omsyn til både dei innspel som er kome frå dei grunneigarane som vert råka, og lokale og regionale styresmakter.

Dette har resultert i eit framlegg der den nordre del av turvegen ikkje vert ført direkte nord til Føresvik, men vert lagt over eksisterande veg fram til Føresvikvegen.

Det er laga ei prinsippskisse for korleis stien skal førast over dei kulturminna som vert råka, i samsvar med krav frå kulturavdelinga i Rogaland fylkeskommune.

Det vert elles vist til den fullstendige planomtalen som fylgjer som vedlegg til denne saka.

Oppstartsmelding knytt til framlegget til ny plan har vore sendt dei aktuelle høyringsinstansane med høyringsperiode 23.05.2016 – 04.07.2016.

## Innspel i knytt til oppstartsmeldinga

Innspela knytt til oppstartsmeldinga er referert i kortform nedanfor med konsulentane sine kommentarar:

Oppstartsmelding vart sendt ut med svarfrist 4. juli 2016:

Person/etat, dato Innspel til melding om oppstart	Kommentarar frå tiltakshavar
<b>Fylkesmannen i Rogaland, 06.06.2016</b> Ingen spesielle merknadar til varselet.	Ingen.
<b>Statens vegevesen, 10.06.2016</b> Synar til tidligare merknadar og innspel i planprosessen. Har ikkje fleire nye innspel til utvida planområde.	Ingen.
<b>Rogaland fylkeskommune - Kulturavdelinga, 23.06.2016</b> Innspel om at turvegen er i konflikt med automatisk freda kulturminner i området.	Det har vore dialog med Rogaland fylkeskommune ved kulturavdelinga med omsyn til tidligare innspel og merknadar i prosessen om at Rogaland fylkeskommune ved kulturavdelinga likevel kan tilrå dispensasjon ovenfor Riksantikvaren for turvegen. Det vert utarbeida ei prinsippskisse på korleis turvegen er tenkt gjennom kulturminneområdet som leggast ved planomtalen (vedlegg 3).
<b>Rogaland fylkeskommune – Regionalplanavdelinga, 11.07.2016</b> Fylkesrådmannen forventar at reguleringsplan for resten av turvegen som er synt i kommuneplanen vil verte utarbeida på eit seinare tidspunkt. Fylkesrådmannen forslår at den resterande delen av turvegen synt i kommuneplanen vert implementert i ny reguleringsplan for del av HighComp sør. Fylkesrådmannen understrekar altså at det er kommunenplanens trasé for turvegen som fortsatt bør	Bokn kommune må vurderer å ta dette med vidare ved planlegging av tilgrensade areal i framtida.

<p>liggje til grunn mellom Føresvik og Alvestadkroken. Den delen av turvegtraséen i nordenden av planavgrensinga som er synt frå sjøen og opp til Føresvikvegen er ikkje i samsvar med kommuneplanens traséval. Fylkesrådmannen ser difor på denne traséen som ein mellombels forbindelse som kan bidra til å sikre at fyrste del av turvegen ikkje vert ein blindveg ved at den mellombels knytast til vegnettet i Føresvik. Det vert poengtert at målet med varsla reguleringsplan må vera å sikra at heile turvegtraséen som er synt i kommuneplanen kan realiserast på eit seinare tidspunkt. For å sikra at turvegen faktisk vert opparbeid i tråd med planen, vil fylkesrådmannen oppmoda om at det i planforslaget stillast rekkefølgekrav som sikrar realisering av turvegen før eventuelle naust, brygger og andre tiltak i strandsona kan tillatast.</p>	
--	--

Det vert elles vist til dei fullstendige merknadane som fylgjer som vedlegg til denne saka.

### **Konklusjon:**

Manglande reguleringsplan for strandsona mellom Alvestadkroken og Føresvik har ført til at det nærast har vore umogeleg å få godkjent tiltak i dette området ut frå byggeforbodet i strandsona.

Ein reguleringsplan for området ville løyst dette problemet

Arbeidet med planen har vore ein tidkrevjande prosess, utan at det har lukkast å kome fram eit resultat som tek omsyn til både private grunneigarar og ålmenta sine interesser på ein måte som

dei ulike interessegrupper har kunne samlast om.

Det framlegget som nå ligg føre inneber eit kompromiss mellom dei ulike interessene knytt til planarbeidet.

Som for alle kompromiss vil forslaget ikkje innebere ei ideell løysing i høve til alle interessegruppene, men totalt sett må framlegget seiast å innebere ei løysing som gjev ålmenta tilgang til strandområdet på ein måte som kompenserer for ei relativt høg utnytting av byggearealet for naust og tiltak i sjøen

Når det gjeld vidare føring av turvegen nordover slik regionalavdelinga hjå fylkeskommunen rår til, synes dette lite aktuelt, men må vurderast i tilknytning til arbeidet med dei reguleringsplanane som er under utarbeiding for områda nordafor.

Rådmannen vil rår til at det justerte framlegget til plan vert sendt på høyring i samsvar med krava i lan- og bygningslova.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Forvaltningsstyre	25.01.2017	005/17	ÅKF

Saksansv.: Åse Karin Fjellving	Arkiv: K1-033, K3- &17	Arkivsaknr 17/19
	Objekt:	

### Meldingssaker til møte 25.01.2017

Sak: 1	Gnr. 11 Bnr. 79 – Tor Harald Torsteinsbø – påbygg bustadhus samt naust og brygge
Sak: 2	Gnr. 11 Bnr. 31 – Espen Alvestad – ombygging av lagerskur til garasje/lagerbygg
Sak: 3	Gnr. 3 Bnr. 4 – Rune Øvrebø – riving av totalskadd bustadhus
Sak: 4	Gnr. 23 Bnr. 7 – Daniel Thuestad – frådelling av to bustadtomter
Sak: 5	Gnr. 23 Bnr. 7 – Daniel Thuestad – utsleppsløype for to bustadhus
Sak: 6	Gnr. 13 Bnr. 7 – Jens Morten Vatnaland – frådelling av 3 bebygde festetomter
Sak: 7	Gnr. 11 Bnr. 185 – Bokn kommune – frådelling av næringstomt
Sak: 8	Gnr. 23 Bnr. 14 og 15 – Grieg Seafood Rogaland AS – produksjonshall knytt til settefiskanlegg – løyve til å setje det resterande arbeidet i gong
Sak: 9	Oppstartsmelding – detaljregulering for veg og kai, Trosnavåg
Sak: 10	Gnr. 1 Bnr. 7 – Elisabeth og Jan Nortveit - einebustad
Sak: 11	Gnr. 10 Bnr. 12 – Bokn kommune – høgdebasseng for vassverket

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Meldingssakene tas til vurdering.

## **25.01.2017 FORVALTNINGSSTYRE**

### **FV-005/17 VEDTAK:**

Meldingssakene blei tatt til orientering.





